



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Vår dato:

01.06.2022

Vår ref:

2022/7311

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Masfjorden - 6/68 - oppøring av flytande naust - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.05.2022. Kommunen opplyser at saka gjeld søknad om dispensasjon frå formål småbåthamn i arealdelen av kommuneplanen for oppføring av flytenaust på gnr. 6 bnr. 68. Kommunen har ikkje tatt stilling til om det er naudsynt med fleire dispensasjonar, til dømes byggeforbodet i strandsona, formål på land eller plankrav. Vi ber kommunen om å gjere greie for plangrunnlag og kva det er naudsynt å søke dispensasjon frå, ved oversending av søknadar for uttale.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensesert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilslidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Tiltaket er skildra som eit flytande naust, som ligg ved kai ved eit næringsbygg på land. Naustet er allereie oppført, og det er opplyst at det er nytta som del av verksemda til Masfjorden elektro.

Areal på land er eit kombinert bygg og anleggformål (bustad og næring) og arealet i sjø har formål småbåthamn. Vi kan ikkje sjå at det lagt inn byggegrense mot sjø i kommuneplanen. Vi forstår det slik at naustet er i bruk til næring, og tiltaket vil då vere i samsvar med formålet på land. Tiltaket er ikkje i samsvar med formål småbåthamn, og det ser ut som tiltaket også er i strid med byggeforbodet i strandsona. Slik vi les føresegn 5.3.2 i kommuneplanen er det også plankrav ved nye tiltak i området. Naustet vil også vere større enn 40 m², som er grense for storleik for naust i naustområde i kommuneplanen.

Kommunen må vurdere kva verknad tiltaket har for strandsoneverdiar som landskap og tilgjengeleighet.

I statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, vert det lagt vekt på at strandsona skal planleggast. I dette området er det satt av eit større området på land og i sjø der formåla opna for utbygging. Vi kan ikkje sjå at det er satt ein byggegrense mot sjø, så tiltak i 100-



metersbeltet vil i utgangspunktet vere forbode. Ein reguleringsplan i dette området vil vere viktig for å vurdere sentrale omsyn i strandsona. Når det er satt av utbyggingsområde i kommuneplanen, skal ein reguleringsplan på best mogleg vis leggje til rette for, ikkje berre utbygging, men også grønstruktur, tilgjenge og landskapstilpassing. Det er viktig at ein ikkje får ein bit for bit utbygging i området, der ein ikkje ser samla på strandsoneverdiane i området.

Det er viktig at kommunen ikkje berre vurderer dette konkrete tiltak si verknad på strandsoneverdiane, men også vurdere om ein dispensasjon i denne saka kan føre til at ein ikkje får den heilsaklege utviklinga ein ønsker i området.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN